

Årsmelding

Ytre Arna sokn

2023



Årsmelding for Ytre Arna sokneråd 2023

Vedlegg

Årsmelding frå:

Noa open Barnehage

Konfirmantarbeidet

Diakon - Maria Aasheim Grosås

Ytre Arna kyrkjekor

Takkebrev frå misjonsprosjektet «China Lutheran Semenary»

Felles kyrkjeblad for Ytre Arna og Arna

Soknerådet

Medlemmer fram til 1. november 23

Jorunn Haukås (leiar), Hilde Kvinge Rannestad (nestleiar), Helge Bognøy,

Thor Kalland, Marianne Vevle Hjortland, Jan Olav Lien Hansen og Ingvar Fløysvik

Varamedlemmer

Anita Merethe Brattaule Frekhaug, John Skartveit, Rozalie Hadhazi, (permisjon frå 2021)

Monica Kversøy Fagermo (permisjon) og Svanhild Mari Strømsnes Birkeland.

Det har vore 8 møter og 1 soknemøte i gamalt råd 2023. Rådet har behandla 80 saker

Medlemmer fram frå 1. november 23

Jorunn Haukås (leiar), Thor Kalland (nestleiar), Jan Olav Lien Hansen, Egil Landøy,

Vigdis Loftås, Marianne Vevle Hjortland og Ingvar Fløysvik

Varamedlemmer

Terje Angeltveit

Det har vore 2 møter i nytt råd. Det nye rådet har behandla 12. saker.

Tilsette

Sokneprest	Ingvar Fløysvik	100% stilling
Organist	Jørn Skauge	50% stilling *
Administrasjonsleiar	Benthe Vevle	50 %
Ungdomsdiakon	Maria Aasheim Grosås	50 %
Trusopplærar	Marianne Hjortland	30 % (Sjukemeldt)
Vikar - trusopplærar	Jorunn Haukås	15% fram til 31.05
Vikar - trusopplærar	Sigurd Lian	15% fram til 31.05
Vikar for trusopplærar	Margreta Straume Myklebust	30% frå 01.06
Styrar i Noa open barnehage	Møyfrid Opheim	50 %
Assistent i Noa	Jorunn Haukås	etter avtale
Reinhald i Noa	Møyfrid Opheim	8%
Reinhald i kyrkjelydshuset	Malin Hjortland	4%
Kyrkjetenar	Monica Ohr	50 % stilling
Kyrkjetenarvikar	Jan Olav Hansen	
Kyrkjetenarvikar	Jorunn Haukås	

* Jørn Skauge har hatt permisjon i 15 % av stillinga fram til 30.juni -23. Frå 1. juni begynte Jørn i den 50% stillinga han har i Ytre Arna.

Han har hausten 2023 hatt farspermisjon. Då har det vore vikarar inne i alle tenestene i kyrkja. Bjørn Bergmann har hatt 15% stilling til korarbeid heile 2023.

Barne og ungdomsarbeid

Trusopplæring

Trusopplærar Marianne Hjortland har vore sjukemeldt i 2023, og stillinga har vore ivarettatt av vikarar dette året.

Jorunn Haukås og Sigurd Lian har hatt 15 % stilling kvar t.o.m. 31. mai.

Margreta Straume Myklebust har vore vikar i 30% stillinga frå 01.06 og ut året.

Tiltak som er gjennomført i regi av trusopplæring er :

- Alle borna som vart **døypte i Ytre Arna kyrkje** fekk namnet sitt på eit dåpshjarte. Hjarta heng på dåpstreet i kyrkja. Dåpshjarto vert delt ut på gudsteneste i januar 2024.
- Ei helsing frå kyrkja til borna som har **1. års og 2. års dåpsdag**. Helsinga vart levert på døra.
- Krøllesamling for **3 åringane**. Samling i kyrkja, forteljing om den bortkomne sauene, alle borna fekk kvar sin «kosesau». Etterpå vart det servert hot-dog og is i kyrkjelydshuset.
- Julespel utanfor Arna kyrkje. Her var **5 åringane** invitert. 5 åringane fekk kvar sin sjokolade og minikrubbe.
- Dei som fylte **4 og 6 år** vart invitert til gudsteneste der dei fekk kvar si bok.
- Samling for **9 åringar** – Show «David og Goliat» med Ruben Gazki.
- «Meir festival» for **10 – 11 og 12 åringar** i Ytre Arna kulturhus.
- Samling for eldre ungdom – «Svindlar med stil» Illusjonist og tryllekunstnar Ruben Gazki.
- Det har vore middagsservering i Noa ein dag i månaden der Margreta har hatt lesestund med borna. På siste samling før jul fekk alle borna kvar sin kalender.

Noa open barnehage

Årsmelding vedlagt

Barnehage og kyrkjesarbeid.

Alle barnehagane i Ytre Arna vart inviterte til julevandring i kyrkja.

Ytre Arna barnehagen og Noa open barnehage var på vandring med tre grupper i Ytre Arna kyrkje. Festtangen barnehage hadde vandring i Arna kyrkje med staben frå Ytre Arna. Frå Festtangen var det to grupper. Me hadde òg påskevandring med to grupper frå Festtangen i Arna kyrkje og ei gruppe frå Noa i Ytre Arna kyrkje.

Skule- og kyrkjesarbeid

Ingvar Fløysvik og Maria Aasheim Grosås hadde møte på Ytre Arna skule i -22. Dei vart samde om ei vandring i kyrkja med skulen til jul. Dette vart eit godt møte med skuleborna, forteljing, orgelspel og julesongar. Skulen kom fordelt på tre grupper, stort sett etter årskull. Denne ordninga er vidareført i 2023.

Konfirmantarbeidet

Årsmelding vedlagd.

Nemnder og utval

Diakoniutvalet

Det er ikkje diakoniutval i kyrkjelyden for tida. Kyrkjelyden har likevel ein god del aktivitetar som har diakoni i seg, så som: open barnehage, minnedag for etterlatne,

kjøkkenteneste på klubben for utviklingshemma i Arna kyrkjelydshus.
Maria Aasheim Grosås arbeider som ungdomsdiakon. *Årsmelding vedlagt.*

Husstyret

Helge Bognøy (leiar), Tor Oddvar Holmefjord, Thor Kalland, Jan Olav Hansen, Alise Bjørnstad og Jorunn Haukås.

Husstyret og soknerådet har i år:

- Gjennomgang av branntryggleiken og testa røykvarslarar.
- Innkjøpsansvarleg (forbruksartiklar)
- Reingjer /støvsugar varmpumpa kvar månad.
- Ordnar uteområdet
- Vedlikehaldsarbeid på kyrkjelydshuset.
- Kjøpt og montert ny varmpumpe.
- Nye blandebatteri på vaskane i 1. høgda.
- Ny komfyr og støvsugar.
- Kjøpt og montert ny dør til Noa open barnehage.

Leiar Helge Bognøy og Jan Olav Lien Hansen har vore svært aktive med vedlikehald og oppussing av huset. Soknerådet er svært takksam for det arbeidet dei gjer.

Kyrkjelydshuset

Huset vert nytta mykje til konfirmantarbeid, diverse møte i sokneråd og andre utval. Det vert brukt til festar og andre arrangement. Det vert nytta til utleige ved dåp og gravferd. Noa open barnehage har vore i kyrkjelydshuset sidan 2009.

Ytre Arna sanitetsforeining leiger huset til sine samlingar.

Soknerådet arbeider framleis for vegen vidare for kyrkjelydshuset.

Cellegrupper

Saman med indremisjonslaga på dei to bedehusa i soknet har kyrkjelyden 5 cellegrupper/bibelgrupper. To av dei plar samlast annakvar veke, dei andre fire-fem gonger i halvåret. Fleire av gruppene har nok vore samla sjeldnare dette året. Nokre av gruppene har eige opplegg, andre har samtala om teksten for sundagen etter samlinga. Etter forslag frå cellegruppeleiarane har kyrkjelyden og indremisjonslaga i år hatt seks bibeltimar saman, tre av dei har vore i kyrkja ved presten.

Gudstenester

I år har me fått ha gudstenester heile året. Me har hatt forsongarar på dei fleste gudstenestene. Ytre Arna vokal og Ytre Arna barnevokal har vore med oss på fleire gudstenester. Arna og Ytre Arna kyrkjekor har delteke på to gudstenester. Ulike tiltak i samband med gudstenester har òg gått som normalt. Me har hatt samtalegudsteneste, konfirmasjonar, konfirmantpresentasjon, utdeling av «Mi kyrkjebok» til 4- og 6-åringane, invitert 50-årskonfirmantane til ei gudsteneste med middag etterpå, hatt hausttakkefest for store og små og lysmesse. Julaftan hadde me to gudstenester for små og store. Arne Musik foreining var med på begge gudstenestene. Me hadde ingen temagudstenester. I pinshelga hadde me møtehelg saman med bedehusa der Oddvar Søvik talte. Samlingane fredag og laurdag var på bedehusa, sundag føremiddag og kveld i kyrkja. Det var godt frammøte heile helga, òg frå andre forsamlingar. Arna misjonsmenighet valde å vera saman med oss på gudstenesta sundag føremiddag i staden for å halda eiga gudsteneste.

Soknerådet inviterte til kyrkjelydstur i juni til Strandebarne.

Der var vi med på ei fin familiegudsteneste. Etter gudstenesta fekk me informasjon om kyrkjene (3 stk) som hadde vore i bygda.

Deretter hadde vi middag i eit naust og bading for dei tøffaste 😊

Det var 17 personar med på turen.

Me har prøvd å ha sundagsskule i samband med gudstenestene når det ikkje er gudsteneste for små og store, og fått det til dei fleste sundagane. I tillegg er det sundagsskule skiftevis på dei to bedehusa i soknet dei sundagane det ikkje er gudsteneste – i samband med sundagssamlingane der.

Det gjennomsnittlege frammøtet på gudstenestene i år var litt lågare enn i 2022. Det heng nok delvis saman med at det har vore færre dåp i år. I år er 10 døypte i Ytre Arna kyrkje, medrekna to ungdomar. I alt vart 11 frå Ytre Arna sokn døypte i Den norske kyrkje.

	gudstenester	deltakarar	konfirmerte	Døypte*
2018	32	gj. 84	34	17
2019	30	gj. 78	25	16
2020	33	gj. 45	20	11
2021	46	gj. 29	12	7
2022	31	gj. 66	24	15
2023	36	gj. 54	20	11

Kyrkjemusikk

Jørn Skauge har ansvar for forsongartenesta.

Han har møter med forsongarane, og passar på at det er forsongarar på alle gudstenestene.

Ytre Arna Vokal

Bjørn Bergmann dirigerer koret.

Koret har øving kvar torsdag frå kl. 19:00

Våren 2023:

15.januar - Nyttårskonsert. - Åsane kyrkje

16.mars - Ljoshall

30.april - Konfirmasjon – Ytre Arna kyrkje

06.mai - Kortreff i Eidfjord med konsertar med div kor.

07.mai - Konfirmasjon i kyrkja

11.mai - Fredskonsert i Arna kyrkje

15.juni – Sommar konsert i Ytre Arna kyrkje

Hausten 2023

27.august - Konfirmantpresentasjon

24.september - 50-årskonfirmantar

28.sept. - Samarbeidskonsert med Sola Fide i Ytre Arna kyrkje.

19. okt. - Ljoshall

5.november – Allehelgensgudst. i Ytre Arna kyrkje

2.des – Felleskonsert med Fana mannskor.

3.des. - NRK-gudsteneste direktesending frå Arna kyrkje.

17. des. - Prøve/generalprøve rett etter gudstj.

17.des. - **JULEKONSERT KL.20.00**

25.desember – Høgtidsgudsteneste

Arna og Ytre Arna kyrkjekor

Årsmelding vedlagt.

Ytre Arna kyrkje sitt barnekor «Non stop singing»

Koret skifta namn frå Ytre Arna barnevokal til Non stop singing våren 2022.

Det er Jørn Skauge som har ansvar for barnekoret.

Marianne Hjortland er med og dirigerer koret.

Det har vore øving kvar onsdag våren– 23.

Hausen – 23 har Jørn vore i farspermisjon. Marianne har då hatt ansvaret for koret og har hatt øvingar annakvar onsdag.

Misjon, evangelisering

Ytre Arna sitt misjonsprosjekt er: China Lutheran Seminary

Kyrkjelyden har sendt kr **18 471,20** til misjonsprosjektet i 2023.

Kyrkjelydsbladet/informasjonsarbeid

Frå første januar 2022 har vi nytt kyrkjelydsblad for Ytre Arna og Arna.

Kyrkjelydsbladet har kome ut med 3 nummer i 2023.

Bladet vert delt ut til alle husstandar i kyrkjelyden.

Lokal redaksjonsnemnd er Tor Oddvar Holmefjord, Jorunn Haukås og Ingvar Fløysvik.

Tilhøvet til kommunen, fellestrådet

Thor Kalland er soknerådet sin representant i Bergen Kirkelige fellestråd.

Jorunn Haukås er vararepresentant. Mette Svanes er kyrkjevevjerje i Bergen Kirkelige Fellestråd.

Økonomisituasjonen

Soknerådet er takksame for alle som har støtta opp om kyrkjelyden økonomisk.

Orientering økonomi vedlagt.

Ytre Arna 20/2 - 24

Jorunn Haukås
Soknerådsleiar

Berthe Vevle
Daglig leiar

Årsmelding 2023

Noa open barnehage

Året som gikk var eit innhaldsrikt og aktivt år i Noa open barnehage.

Antalet unike brukarar har vore godt, men frammøtet har likevel variert svært mykje grunna sjukdom. Dette året var det ei flott foreldregruppe med spesielt godt samhold som brukte barnehagen fast. Dei var ein god ressurs både i planlegging og gjennomføring av aktivitetar.

Ved hjelp av foreldra fekk leikeplassen eit løft, den vart både fargerik og kjekk for dei minste. Plantekassar og heimelaga leikeinstallasjonar gjorde plassen meir attraktiv. Nokre av soknerådsmedlemene har og gjort ein fin innsats for å gjere det triveleg rundt kyrkjelydshuset.



Faste aktivitetar i Noa er sangsamling og lunsj rundt langbordet. Både kristne og tradisjonelle barnesangar vert brukt i samlinga, saman med både bibelforteljingar og eventyrbøker. Matlaging er populært, og bidreg til trivsel rundt bordet.

I starten av året hadde vi sangstund i kyrkja saman med organist Jørn. Høgtidene vart markert med påske- og julevandringar i kyrkja, tradisjonell mat og pynt.

Noa fekk tildelt midlar frå Bergen kommune sitt prosjekt "Økt barnehagedeltagelse for barn med minoritetsspråklig bakgrunn". Midlane vart brukt til 17. maifest og 3 besøk til Bergen Undervisningsgård på Garnes. Mating av dyr, riding, treplanting og grilling var kjekt uansett vær!



Vi hadde og ein fin dag med tur til Lien Gårdsmuseum. Magne og Synnøve tok gjestfritt imot oss, viste og fortalte om Ytre Arna sin historie.

Ny aktivitet dette året var middag i samarbeid med soknerådet. Dette kom i stand etter at Jorunn og Benthe tok lunsjen i Noa, og praten gikk blant anna rundt kva småbarnsforeldre saknar. Uformelle møtepunkt, måltidsfellesskap og arrangement der heile familien kunne delta var konkrete forslag. *-Viss eg lagar pølsegrateng – kjem de då?* spurte soknerådsleiar Jorunn. Dette vart godt motteke, og sidan har det vore middag omlag siste onsdagen kvar månad. Trusopplærar Margreta har hatt lesestund med kakao etter maten. Mellom 20 og 40 har møtt- ei fin blanding av familiar frå Noa, tidlegare brukarar, pensjonistar og andre frå nærmiljøet.



Tilsette i 2023:

Styrar: Møyfrid Naterstad Opheim

Reingjering: Malin Hjortland, Jorunn Haukås

Vikarar: Lise Liland, Fatema Ahmad, Ailine Kristin Lingnau

TAKK for samarbeidet!

22.01.2024 Møyfrid N. Opheim,

Årsmelding frå konfirmantarbeidet i Ytre Arna 2023

Våren 2023 hadde me 20 ungdomar som førebudde konfirmasjonen hjå oss og vart konfirmerte i Ytre Arna kyrkje. Hausten 2023 har me hatt 19 innskrivne konfirmantar.

Nokre viktige datoar i 2023:

24. – 26. februar	Konfirmanthelg på Gullbotn konferansesenter (utsett frå oktober 2022)
26. mars	Samtalegudsteneste
29. mars	Fasteaksjon
29. april og 7. mai	Konfirmasjon
27. august	Konfirmantpresentasjon
3. desember	Lysmesse.
8. – 10. desember	Konfirmanthelg på Gullbotn konferansesenter

Konfirmantleiarar våren 2023:

Øystein Waagbø, Sigurd Lian, Jorunn Haukås, Veena Joyce Kamara, Cassandra Fagermo og Ingvar Fløysvik. Ungdomsdiakon Maria Aasheim Grosås har vore med når ho har hatt høve til det. På kjøkkenet: Jan Olav Hansen og Linda Kalsås.

Leiarar hausten 2023:

Sigurd Lian, Jorunn Haukås, Mina Endresen Hekland og Ingvar Fløysvik. Ungdomsdiakon Maria Aasheim Grosås har vore med når ho har hatt høve til det. Astrid Husdal hadde undervisninga på ein av undervisningskveldane i haust. På kjøkkenet dei stabile: Jan Olav Hansen og Linda Kalsås. I tillegg har Daniel Askeland Leknesund vore med nokre gonger. På konfirmanthelga i februar hadde me med oss Elina Riise og Kristin Matos. På konfirmanthelga i haust tok ungdomsdiakonen med seg mannen sin, William Grosås. Han spela piano, hadde ein av timane og tok ansvar for uteaktivitetar og ymist anna.

Øg i år har me brukt Tentro (frå Pinse Ung) med dei tillegg og tilpassingane me treng. Konfirmantane får utdelt Bibelen og ein perm med blant anna konfirmantarka for kvart emne og Den vesle katekisma. Me har samlast annankvar onsdag, fyrst til undervisning i kyrkjelydshuset. Me har variert på kven som har undervisninga. Deretter har me gått i grupper. Så har me avslutta i kyrkjelydshuset med litt å bita i. Konfirmantane skal òg vera med på minst åtte gudstenester i løpet av konfirmantåret.

Tidlegare år har konfirmantane delteke i aktivitetsgrupper knytte til barne- og ungdomsarbeidet i Ytre Arna. Dei siste par åra har me diverre ikkje hatt noko tilbod for dei som det ikkje er oppgåver til. Det ville då vera umogleg å påleggja oppgåver til halve kullet og ikkje ha noko for resten. Difor vart det å vera hjelpeleiar i barnearbeid berre lagt fram som eit frivillig tilbod (som ingen i år nytta seg av).

Alle konfirmantane (i grupper på tre) får oppgåver på to gudstenester i året, til dømes lesa tekst, assistera ved dåp, ynskja velkomen i døra, køyra lysbiletepresentasjon osv. Alle konfirmantane har vore med på lysmessa.

Samtalegudstenesta legg vekt på deltaking og ikkje overhøyring. Konfirmantane leverer i staden eit 4-siders skriftleg arbeid der dei skriv om spørsmål knytte til emna me har arbeidd med gjennom året.

Konfirmanthelga er ein viktig del av konfirmantopplegget. Av ulike grunnar var helga hausten 2022 utsett til februar 2023, og staden vart Gullbotn konferansesenter. Me lika oss så godt der at me bestemte oss for å bruka denne plassen framover. Helga hausten 2023 vart difor i desember sidan det var einaste tida me kunne få.

Konfirmantarbeidet er eit viktig arbeid der me får rikeleg høve til å så Guds ord i unge hjarte.

Ingvar Fløysvik

Årsmelding frå ungdomsdiakon 13-20

Ungdomsdiakon i Ytre Arna deler sin stilling med Arna, 50% i kvart sokn. Samtaletilbodet 13-20 i Bergen, og i Ytre Arna, har i 2023 møtt mange ungdom til enkeltsamtaler, og i grupper gjennom konfirmantarbeidet og leir. Ungdomsdiakon har vært med på begge konfirmantleirene i 2023, og er med i konfirmantopplegget for årets konfirmantar ca. ein gong i månaden. Videre har ungdomsdiakon arbeidet med tilbodsetablering og nettverksbygging, samt vore med å drive byomfattande sorggruppearbeid for barn og unge. Det er vanskeleg å skilja ut tal for Ytre Arna, men totalt har ungdomsdiakon i Arna og Ytre Arna gjennomført 108 enkeltsamtaler. Her får ungdomane koma og snakke om det som ligg ein på hjartet, alt frå store utfordringar til det som berre er fint. Ungdomsdiakonane som jobbar i 13-20 ynskjer å vere vaksne med tid, og vi opplever stor takksam for at vi er det. Både frå ungdom og foreldre.



Foto: Odd Mehus



Foto: Odd Mehus

Årsmelding 2023 for Arna og Ytre Arna kyrkjekor.

Styre for 2023:

Leiar: Alice Bjørnestad Nestleiar: Kirsti Rolland
Kasserar : Marianne Fanebust (Kyrkjekontoret. Ho fører regnskap for kora.)
Skrivar vårsemester: Ranidi Daae Stordal. Haustsemester: Ann Helen Heggstad Folkvord
Ansvar servering : Kirsti Rolland
Ingen varamedlemer, da ingen meldte seg.
Valkomitee: Per Bjarte Hjellum
Dirigent: Kantor Olav Arne Steinkopf.

Program våren 2023:

- Deltaking på gudstenester:
 - I Ytre Arna kyrkje : 1 ordinær gudsteneste.
 - I Indre Arna kyrkje : 1 ordinær gudsteneste, 1.påskedag og 1.pinsedag.
 - Fredskonsert.
- Formiddagsmøte på Bedehuset i samband med kulturdagane i Arna.
- Salmekveld i Arna kyrkje i samband med kulturdagane i Arna.
 - Årsmøte 16.03.2023. Nestleiar Kirsti Rolland var på val, og tok attval. Kirsti Rolland tek over ansvar for servering fra Ingrid Velure som har slutta i koret.
 - Det vart informert om kjøp av abonnement på korappen «ChoirMate», for å få utvida bruken av denne.
 - Det vart informert om «Stallgudstenester» for NRK til hausten.
- Antal ordinære øvingar: 13
- Avslutning med enkelt program og god mat

Program hausten 2023:

- Deltaking på gudstenester:
 - I Ytre Arna kyrkje: 1 ordinær gudsteneste.
 - I Indre Arna kyrkje: 1 ordinær gudsteneste, allehelgensmesse, ordinasjonsgudsteneste, 3 NRK-gudstenester.
- Salmefest med Haukeland songlag i september.
- Temakveld i kyrkjelydshuset.
- Julekonsert/ Luciakonsert 13.desember.
- Avslutning 14. desember.

Ant. Aktive medlemmer i koret ved slutten av haustsemesteret: 17.



中華信義神學院

China Lutheran Seminary

E-mail: hsinshen@ms1.hinet.net <http://www.cls.org.tw>

Jan 23, 2024

Dear Brothers and Sisters in Ytre Arna Sokn Church,

Warm greetings from China Lutheran Seminary, Taiwan! We would like to express our deep-felt gratitude for receiving your gift of USD 1,731.76 especially during the time of fund shortage.

We are organizing the Theological Seminar which will be held in Taipei, Kaohsiung and also at CLS in March. All the preparation has been in full swing lately. We are hoping for more believers and unbelievers to get to know us and join CLS through the event.

Please pray for the smooth operation of seminary affairs, the need for instructors, and the curriculum arrangement to run wisely and efficiently for the coming semester. May He use us to cultivate loyal servants for all Taiwan churches.

Thank you again for your encouragement to us and your support to the theological education in Taiwan. May the Lord guide you and grant you the endless joy; make the both of us a vessel to bring God's miracle to build up more believers and unbelievers.

Sincerely in Christ,

Kuan Hsien Chen

Rev. Dr. Kuan Hsien Chen
President of China Lutheran Seminary



中華信義神學院

China Lutheran Seminary

30080 新竹市東區大學路51巷11號 Tel:03-5710023 Fax:03-5726425
#11, Lane 51, Tahsueh Rd., Hsinchu, 300, Taiwan R.O.C.



奉獻收據
OFFICIAL RECEIPT

No. 1130217

財團法人基督教中華信義神學基金會
China Lutheran Theological Foundation, Inc.
法人登記證書登記簿第九冊第二九頁第二〇二號
統一編號：98273406 郵政劃撥：0112188-1

茲收到： Ytre Ama Sokn
Received From

金額： USD1,731.76
Amount

項目： USD 1,731.76 擴建經費 0.00
For Campus Development

日期： 22-Jan-24 經手人： 陳筑愔
Date Received By

備註：
Note

本收據可供您作綜合所得稅列舉扣除抵減之用。

Årsmelding for Kyrkjebladet 2023

I 2023 har me halde fram med eit eige blad for dei Ytre Arna og Arna sokn. Bladet kom ut i tre nummer, eit til påske, eit etter sommaren og eit i november. Nummer 3 hadde 12 sider, dei andre to nummera 16 sider.

Bladet har hatt eit opplag på 5700, av dei 4400 i Arna og 1300 i Ytre Arna. Gode sponsorar har i det store og heile dekt utgiftene til bladet dette året. Bladet vert distribuert fysisk til alle husstandar i dei to sokna og er dessutan å finna på Ytre Arna sokn si nettside.

Redaktør for bladet har vore Kristin Hjertaker. Ho gjev seg til nyttår, og me vil takka henne for den heilt avgjerande rolla ho har hatt når det gjeld å få i gang eit eige blad for Ytre Arna og Arna sokn. Elles har redaksjonen vore: Kristin Haukås og Erik Rodal frå Arna og Tor Oddvar Holmefjord, Jorunn Haukås og Ingvar Fløysvik frå Ytre Arna. Redaksjonen har hatt møte før kvar utgjeving. I tillegg har redaksjonsnemndene for dei to sokna møtst kvar for seg når det har vore trong for det.

Ingvar Fløysvik, redaksjonsleiar